

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Kari Bernardini, A, stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Kvam Bompengeselskap AS. Bernardini gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Kari Bernardini var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Kari Bernardini gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 13 representantar til stades.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tilbodet frå Ferde AS om kjøp av fylkeskommunen sine aksjar i Kvam Bompengeselskap AS vert godtatt og salet av aksjane kan verte gjennomført.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere aksjekjøpsavtalen med Ferde AS.